

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 09/2024

Møtedato: 10.04.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S819, Nøsen\_Nytt tilleggsjorde

Det er motteke søknad om tilleggsjord frå Christin Hambro. Ho eig 2 gardar: G/Bnr 82/9 med støl Fnr 819 og G/Bnr 80/18 med støl Fnr 806. Garden har også ei tilleggsjord Fnr 807.

Følgjande reglar gjeld jfr Seterforskrifta § 20:

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - enten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn. Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.*


*Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

Det vert søkt om følgjande:



Ca 90 daa. Det oppgjes at arealet skal fulldyrkas.

### Vurdering:

Gardsbruket driv samla med både mjølkekyr samt kjøttfe. Det er difor i full drift, og søker har sannsynleggjørt behovet for tilleggsjord. Krav i lovverket er dermed oppfylt.

Statsallmenninga er i nyare tid vegetasjonskartlagt. I den registreringa er arealet definert som :

4c: «engbjørkeskog»

9c: «grasmyr»

I forhold til definisjon av «Dyrkbar jord» er alt dette arealet registrert som dyrkbar jord (verdiklasse 1).

Jfr AR50 – registreringar er ikkje dette registrert som «myr». Imidlertid er det noko blautt på deler av arealet. Namnet «grasmyr» kan og indikere innslag av potensiell myrjord.

Når det gjeld dyrkingsforbod på myr, vil det ikkje vere mogleg å omdisponere dette til dyrka mark dersom det faktisk er myr i dette området. Ut i frå dette ser ein behovet for meir avklaringar rundt dette før ein fattar eit endeleg vedtak.

Ein måte å gjere dette på er å sende dette på høyring no i vinter, og deretter finne ei avklaring på evt dybde på torvlaget før ein fattar endeleg vedtak i juni. Regelverket definerer torvlag som meir enn 30 cm som «myr». Er det under 30 cm dybde er det ikkje myr. Det ideelle er då at ein bruker landbruksavdelinga i kommunen sin kompetanse for denne avklaringa.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

##### § 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Området er vurdert opp mot naturbasen til DN, og dessutan artskart. Det er ikkje vist nokon registreringar i database som er rekna som sårbar eller trua i umiddelbar nærleik til det aktuelle arealet. Ein ser på dei opphavlege kommunale registreringane som er supplerte med nyare registreringar på stølsjorder som godt nok avgjerdsgrunnlag.

##### § 9 (føre-var-prinsippet)

Vi meiner at § 9 er oppfylte. Den sentrale ordlyden om at: «Finst ein risiko for alvorleg eller irreversibel skada på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngiving for å utsetja eller la vere å treffa forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok rundt naturverdiane av plan- og influensområdet til å seia at ein irreversibel skadde på naturmangfaldet ikkje vil skje som følgje av tiltaket.

Når det gjeld definisjon av «grasmyr», vil dette bli vurdert før endeleg vedtak i sak. Er torvlaget over 30 cm vil deler av arealet kunne defineres som «myr», der evt forbod om dyrking av myr vil kunne tre i kraft.

##### § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Vi meiner at ordlyden om økosystemtilnærming får avgrensa bruk i denne saka. I forhold til samla belastning har ein vurdert evt auka avrenning frå dyrka mark til nærliggande vassdrag som liten. Ein kan dermed ikkje sjå at det vil vera samla ulemper av avgjerande karakter.

##### § 11 (kostnadene ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar)

Ikkje aktuelt med ytterlegare registreringar eller nye tiltak.

##### § 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

Ikkje aktuelt.

Som ein konklusjon legg fjellstyret til grunn at det ikkje er viktige artar eller naturtypar som blir vesentleg skadelidande som eit resultat av denne saka. Ein føresetnad er at torvlaget ikkje overstig 30 cm.

#### Oppsummert

Administrasjonen tilrår fjellstyret å legge saka ut på offentleg høyring. I den samanheng vil ein kunne avklare om det finst andre moment som taler mot denne oppdyrkinga.

#### Rekkefølgje:

Denne garden har fleire areal tilknytta den andre garden med støl på Rensenn. Deler av Fnr 806 er ikkje fulldyrka. Når ein søker om nytt areal grunna mangel på for, bør fjellstyret sjå til at det arealet dei allereie har fått tildelt faktisk er nytta fullt ut før det vert delt ut nytt.

Administrasjonen tilrår ein bør setje krav til nydyrking av dei areala som ligg til Fnr 806. Desse er beite i dag. Sjølv om dei fortsatt nyttes som beite vil ein kunne få nytta ressursene betre og meir intensivt med stripebeiting. Dette bør skje før det kan startas opp med nydyrking av nytt areal på Nøsen.

#### Gjennomgang av tilleggsjord i stølslaget på Nøsen:

Administrasjonen har hatt ein gjennomgang av alle tilleggsjorder i stølslaget/nærområdet.

Det er nokre areal som kan vere/er falt i det fri. Dette gjeld følgjande:

94/1/833 Her er deler av tilleggsjordet ikkje take i bruk. Dette er oppgjeve utan atterhald, og er dermed falt i det fri.

94/1/979 Dette er aldri take i bruk, og er dermed automatisk falle i det fri. Dette krev imidlertid ein prosess for at det skal falle i det fri etter fjellova.

Ang S979: Dette arealet er ikkje definert som dyrkbart, og er dermed lite eigna som tilleggsjorde for oppdyrking. Det er difor mindre aktuelt å tildele dette ut pånytt i denne samanhengen.

Ang S833: Dette kan vere aktuelt å vise ut pånytt, då dette er både delvis dyrkbart og eigna på same måte som det omsøkte tilleggsarealet.

Den negative delen med å vise ut dette kan vere at omsøkt støl/gardsbruk høyrer til på andre sida av støslaget, og ideelt sett bør tilleggsjord delast ut (om mogleg) i nærleik til stølen. Dette og for å kunne ha fleire moglegheiter om andre meir nærliggande stølar skulle ha eit framtidig behov for tilleggsjord.

Oppsummert tilrår administrasjonen å byrje med å legge på høyring det arealet som søker sjølv ynskjer. Dette er avhengig av avklaring på myrdefinisjon av kommunen. Dersom deler av arealet vert klassifisert som myr (med meir enn 30 cm torvlag) – kan det vere tidsbesparande å legge fleire areal ut på høyring samtidig. Dermed har ein moglegheita å kunne velje kva ein ynskjer å gå vidare med om det viser seg at noko areal defineres som myr.

Administrasjonen legg ikkje opp til dette, det må i så fall vere eit bevisst politisk val å gjere dette.

#### Andre moment tilhøyrande denne garden:

Eldre fjøs som skulle blitt rivd

Jfr vedtak i sak 54/1996 (05.06.1996) vart det sett vilkår om at ved oppføring av nytt fjøs skulle det eldre rivast. Dette er ikkje gjort, og ein ber i samband med dette om redegjering for om det finst ei landbruksmessig behov for dette eldre fjøset.

Eventuelle krav om oppdyrking på tilhørande støl: S806 – Rensenn

Gardsbruket er 2 einingar, som er drive saman. Den andre eininga har støl på Rensenn. Der er det mjølkedrift. Tilhøyrande stølsjorder er i dag definert som beite. Dersom det er trong for meir dyrka areal, er det eit spørsmål om det areal som er take i bruk også bør dyrkast opp der dette er mogleg. Det er noko myr terreng samt registrert kulturminne på deler av arealet, men ved oppdyrking burde det kunne gå an å gjere dette utan at dette negativt rører ved kulturminne/myr.

Det er eit spørsmål om fjellstyret ynskjer å stille krav om at dette skal vurderast ved dyrkingssøknaden på Nøsen. Administrasjonen tilrår at desse spørsmåla vert undersøkt og utreda i høyringsprosessen.

#### **Framlegg til vedtak:**

I tråd med Seterforskrifta §20, legg Vestre Slidre fjellstyre ut omsøkt areal på Nøsen på høyring. Dette søkjers omdisponert til tilleggsjord, og dybde på evt torvlag må avklarast i høyringsperioden/før vedtak kan fattast. Høyringa omfattar og avklaringar rundt evt krav om rekkefølge til nydyrking på 94/1/806.

#### **Behandling:**

Følgjande tillegg vart fremma:

Avklaringar knytt til evt krav om rekkefølge til nydyrking skal og gjelde for 94/1/819. Dette vert tilpassa inn i vedtaket.

#### **Vedtak:**

I tråd med Seterforskrifta §20, legg Vestre Slidre fjellstyre ut omsøkt areal på Nøsen på høyring. Dette søkjers omdisponert til tilleggsjord, og dybde på evt torvlag må avklarast i høyringsperioden/før vedtak kan fattast. Høyringa omfattar og avklaringar rundt evt krav om rekkefølge til nydyrking på 94/1/806 samt 819.

Samrøystes

Vestre Slidre fjellstyre den 11.04.2024

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:

Saka legges på offentleg høyring